

Det Kongelige Olje- og Energidepartement
Postboks 8148 Dep
0033 Oslo

Dykkar ref.: 20/1575-
Vår ref.: / 1562236-1

02.12.2020

MERKNAD TIL HØYRINGSBREV, ENDRING I FORSKRIFT OM NETTREGULERING OG ENERGIMARKNAD

Viser til Olje – og Energidepartementet sitt høringsbrev om «Endringer i forskrift om nettregulering og energimarkedet» av 2. september 2020.

Forslaget til endring i forskrift har mange gode sider, og vil i nokre tilfelle kunne legge til rette for fornuftige tilknytningar av kundar.

Særleg ferje-lading, elektrifisering av cruise-hamnar og anna ladeinfrastruktur kan vere godt egna for tilknytning som skissert i endringsforslaget.

Disse kundegruppene har gjerne radiell drift med relativt store effektbehov, ofte plassert på lokasjonar som ikkje har kraftig dimensjonert nett i utgangspunktet.

Disse kundane har gjerne driftsklar reserve, og er ikkje kritisk avhengig av full oppetid for nettet. Med dagens forskrift vil kundane vere ordinære kundar, med stor KILE-risiko for nettselskapa. Det vil ofte vere naudsynt med tosidig innmating til kundane for å ha driftsmessig forsvarleg tilknytning med moglegheit for revisjon og vedlikehald. Dette vil vere ei dyr løysing som kan legge hindringar for ei ønska elektrifisering, og som neppe er samfunnsmessig rasjonell når kunden har driftsklar reserve eller har små ulemper ved utkopling. Ei tilknytning på vilkår basert på frivilligheit frå begge partane i avtalen vil opne moglegheit for enklare nettløysing til spesielle kundegrupper.

Forslaget kan få sin nytte i tilfelle der det finnes ledig effekt i nettet, men med for dårleg sikkerheit eller at den ledige effekten ikkje er der heile tida, t.d. ved sesongvariasjon. Dette gjev utfordringar som vi gjerne vil eksemplifisere:

Kundar som blir tilknytt på vilkår er ikkje ordinære nettkundar, og har ikkje nødvendigvis same rettar i nettet som ordinære kundar.

Gitt at ein ferje-ladingskunde vil ha ein effekt på 10 MW, men nettselskapet meiner det berre er driftsmessig forsvarleg å knyte til 8 MW grunna at det i delar av året ikkje er meir ledig kapasitet. Nettselskapet kan då, etter forslag til endring i forskrift, avtale med kunden at det blir pålegg om reduksjon i forbruk eller utkopling av kunden i periodar der det ikkje er kapasitet i nettet til heile effektbehovet. I dei få timane det er effektmangel må kunden då enten lade på andre sida av ferje-sambandet, eller bruke fossil reserveløysing. Dette kan begge partar truleg leve med.

Problemet oppstår når det i ettertid kjem ein ny, ordinær nettkunde i same nettet som ønsker 5 MW på heilt ordinære vilkår. Vi meiner det er uklart, men kan tolkast som at den nye kunden har rett på å få knyte seg til nettet utan anleggsbidrag og dermed bruke opp 5 MW av den ledige kapasiteten på 8MW som nettselskapet meiner det er driftsmessig forsvarleg å knyte til. Kunden som er tilknytt på vilkår vil då berre ha 3 MW tilgjengeleg i gitte situasjonar, og relativt stor del av

året der det ikkje er tilgjengeleg dei 10 MW kunden eigentleg vil ha. For kunden som er tilknytt på vilkår vil dette virke urimeleg. Kunden kan då velje å bli ordinær kunde, men må då betale anleggsbidrag for å oppgradere nettet. Det kan tenkast at kostnaden blir så stor at det ikkje er rekningssvarande for kunden, og då vil den investering kunden allereie har tatt i sitt anlegg vere ei feilinvestering som gjev samfunnsmessige tap.

Alternativt står avtalen nettselskapet har med kunden om «tilknytning på vilkår» sterkare enn den nye kunden sitt krav om å knyte seg til nettet utan anleggsbidrag. Konsekvens blir i det tilfelle at den nye kunden må finansiere den oppgradering av nettet som ferjelade-kunden måtte ha tatt etter dagens regelverk som ordinær kunde. Den ordinære kunden på 5 MW får heile rekninga, mens ferjelade-kunden får nytt og sikrere nett som truleg vil gjere det unødvendig å redusere forbruket eller kople ut. Kunden som er «tilknytt på vilkår» har ingen insentiv til å bli ordinær nettkunde, og slepp då å vere med på anleggsbidraget. Denne løysinga verker heller ikkje rimeleg.

Linja AS meiner forslaget tydelegare må definere kva rettar som følgjer «tilknytning på vilkår» i forhold til ordinære kundeforhold. Nettselskapet har plikt til å tilby ledig kapasitet i nettet til dei som vil knyte seg til. Er effektuttaket til kundar som er tilknytt med vilkår om utkopling å sjå på som «ledig kapasitet», eller har disse kundane same rettar som ordinære kundar til «sin» kapasitet når dei først er tilknytt?

Ei tenkeleg løysing kan vere at avtala om «tilknytning på vilkår» kan seiast opp av nettselskapet i dei tilfelle der nye kundar i ettertid utløyser krav om større oppgradering av nettet. Kunden med «tilknytning på vilkår» må då velje å enten bli ordinær nettkunde, eller avslutte sitt kundeforhold. Dette vil sikre ei rettvis fordeling av anleggsbidrag, men svekke rettane til kundane som er tilknytt med vilkår. Truleg vil dette redusere insentiv til å inngå slike avtaler.

Oppsummert er Linja positiv til forslaget, men meiner det i større grad må klarleggast rettar og konsekvens for ulike kundegrupper ved utvikling og endring i forbruk og effektkapasitet.

Venleg helsing
Linja AS

.....
Torgrim Øvrebø